

Sterk NM-innsats gav kongepokal og medaljar.

09.03.2020



Bjørn-Inge Myklebust Haave

Søstrene Sunniva og Tuva Eik Haave på sigerspallen saman med Bibiana Dahle Ness frå Trondheim klatreklubb som vart nr.2.

I ei tid då klatremiljøet er i stor framgang her i Kvinnherad, er det kjekt å sjå at klatreutøvarar med lokal tilknytning gjer det svært godt i nasjonal samanheng. Sist fredag og lørdag vart NM i buldring arrangert på Lillehammer. Då resultatata var klare, hadde begge dei to søstrene Sunniva og Tuva Eik Haave sikra seg plass på sigerspallen.



Sunniva Eik Haave har motteke kongepokalen.

Eldstesøster Sunniva Eik Haave gjekk heilt til topps og sikra seg NM-tittelen i damer senior. Ho vann også

kongepokalen. Veslesøster Tuva konkurrerer også i seniorklassen no, og ho fulgte flott opp med å sikra seg bronsemedalje i konkurransen, Begge representerer Oslo klatreklubb.

Dei to klatrarane i Norgestoppen er døtrene til Sissel Eik og Bjørn Inge Haave. Sissel kjem frå Kjærland og er dotter til Liv S. og Audun Eik. Mora var kjend som ein allsidig idrettsutøvar medan ho voks opp her i Uskedalen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Privat